

Vitja Tysnes på jorda rundt-reisa



TYSNES: Jennifer og James Hamilton har reist jorda rundt med båt sidan 2012. Sist veke var dei på Tysnes, og no «jobbar» dei seg gjennom Hardangerfjorden. Alle foto: Privat

Jennifer og James Hamilton har vore på reise jorda rundt med båt sidan 2012. I sist veke vitja dei Tysnes.

Ella Sandra Dahl Berland
ella@tysnesbladet.no

Dei vaks opp i Canada, men har budd i Seattle i USA sidan 1997. Det var i 2012 at ekteparet byrja ei omfattande jorda rundt-reise i båten «Dirona».

Ekteparet møttest i ein data-vitskapsklasse ved University of Victoria i Canada i 1982, og har jobba som programvareutviklarar, først hjå IBM i Toronto og seinare hjå Microsoft i Seattle. James byrja i Amazon Web

Services i 2009. Han fokuserer på infrastruktur, effektivitet, reliabilitet og skalering. Jennifer slutta i Microsoft i 2013.

– Me har budd om bord på båt på heiltid sidan 2009. Me elsker naturleg skjønnheit, å utforska, reisa og sjå nye plassar, og møta menneske. Me likar òg veldig godt utfordringane og fordelane med å bu om bord i ein båt. Alt dette inspirerte oss til å setja av stad på ein tur jorda rundt, fortel dei.

Budd i båt sidan 2009

Dirona er ein havgåande motorbåt av modellen Nordhavn 52, designa av Pacific Asian Enterprises som held til i California, og som er produsert i Xaimen i Kina.

– Det er uvanleg at ein liten motorbåt kan kryssa hav, men drivstofftanken kan ta inntil 6.613 liter diesel, som er nok til å reisa 2.000 nautiske mil, fortel dei.

Når dei ønskjer å reisa over lengre avstandar utan å tanka, har dei høve til å lagra totalt 10.247 liter diesel.

– Den lengste turen me har reist utan å stoppa er 6.000 mil, frå St. Helena til Barbados, fortel dei.

Båten fekk dei i 2010, etter å ha eigd ein kystcruise-motorbåt i eitt tiår. På den første båten brukte dei all fritida si til å reisa rundt på vestkysten av Canada.

– Det blei nok tid til å skriva ein reiseguide frå området; *Cruising the Secret Coast*.

Gleda vår med å utforska, særleg mindre besøkte stader, dreiv ønsket vårt om å investera i ein sterkare båt med nok rekkjevidde til at me kunne reisa kor som helst i verda.

Har kryssa Atlanterhavet to gongar

Jorda rundt-reisa starta i september 2012, med første stopp i San Francisco, før reisa gjekk vidare til Hawaii. I 2013 kryssa dei Sør-Stillehavet, og vitja Fransk-Polynesia, Tonga, Fiji og Vanuatu sør i Stillehavet. Etter det var dei åtte månader på New Zealand, og 15 månader i Australia, før dei kryssa Det indiske hav.

Like før jula 2015 reiste dei frå den isolerte øya St. Helena i Søratlanten, og drog vidare til Barbados i Det karibiske

hav. Derifrå returnerte dei til det amerikanske kontinent tidleg i 2016, og følgde austkysten ved Florida og opp den kanadiske kysten.

I 2017 kryssa dei Atlanterhavet endå ein gong, men via ei nordleg rute frå Newport til Kisale i Irland. Dei har vore i europeiske farvatn sidan då.

– Sommaren reiste me rundt i Irland og Skottland, og me var i London den vinteren. I 2018 reiste me rundt i Norge, og overvintra i Amsterdam, fortel dei.

I fjor vitja dei Sverige, Finland og Danmark, og overvintra igjen i Amsterdam.

– I februar reiste me gjennom innlandskanalane til Antwerpen, og derifrå hadde me planlagt å fortsetja sør-

over til Middelhavet, men me avbraut turen på grunn av covid-19, fortel dei.

Endra planar

Planen til James og Jennifer var å vera ved Middelhavet sommaren 2020, men i mars bestemte dei seg for å endra planane.

– Lengje før fleire av grensene blei lukka bestemte me oss for at helseystema i Frankrike, Spania, Italia og ved resten av Middelhavsregionen var under for mykje press frå covid-19, og så me endra planane og bestemte oss for å dra til Skottland, fortel dei.

– Me hadde reist med båt gjennom Skottland i 2017, og visste at det ville vera ein bra stad å bruka litt tid, og det var det, smiler dei.



JORDOMREISANDE: Denne sommaren har ekteparet frå Canada cruisa rundt i Norge. Her ved Polarsirkel-monumentet på Træna.



SØR-AFRIKA: Ekteparet er glade i å gå tur når dei er på reise. Her er dei på toppen av Table Mountain, Cape Town.



TRUFAST FØLGESVEN: Canadiarane har budd på båt sidan 2009. I 2010 fekk dei sin andre båt, ein Nordhavn 52 havgåande yacht, som har frakta dei jorda rundt. Her ved Stirling Falls, Milford Sound, på New Zealand.

Og i juli, då Norge tillet fritidsreiser for europeiske innbyggjarar, hoppa dei på sjansen til å komma tilbake til Norge.

– Etter å ha reist med båt frå Stavanger til Tromsø i 2018, visste me at Norge var den ideelle staden å vera resten av sommaren, held dei fram.

Ei veke på Tysnes

Blant høgdepunkta på Norgesturen i 2018 var Flåmsbana ved Sognefjorden, Loen, Træna og Polarsirkelmonumentet, Lofoten, midnattskonsert i Ishavskatedralen og ein flytur til Svalbard, der dei var tre netter.

– Me flaug òg til Kirkenes frå Tromsø, og likte veldig godt heimturen tilbake om bord i hurtigruteskipet «Kong Harald».

Denne gongen fokuserer dei på å utforska fjord-Norge meir omfattande.

– Me har brukt kring tre veker på å besøka kvar krik i Ryfylke-fjordane, og jobbar oss gjennom Hardangerfjorden og omkrins, fortel dei.

Ekteparet har sykklar med seg om bord i «Dirona», og utforskar ofte landjorda frå sykkelsetet.

– Nokre gongar leiger me bil, eller tek toget eller ein kort flytur. I Sør-Stillehavet likte me å dykka, seier dei.

– I Norge kan me ikkje få nok av alle turmoglegheitene med fantastisk utsikt, seier dei, og fortel at dei har gjort nesten eit titalsturar i løpet av månaden sidan dei kom tilbake til Norge.



SVARTISEN: I 2018 var James og Jennifer på ein omfattande Norgesturné, og vitja mellom anna Svartisen, den nest største isbreen i Norge.



323,6 MIL: Her er dei komme fram til Hilo, Hawaii, etter å ha kryssa havet frå San Francisco.



PÅ TOPPLISTA: Turen til Skåla er på lista over høgdepunkta til James og Jennifer.

Sist veke var dei på Tysnes. – Me hadde to utmerkte toppurar, ein til Hovlandsnuten og den andre til Tysnessåta. Me utforska òg området ein god del i gummibåten vår, fortel dei.

Norge er blant høgdepunkta

Det er sjølvsagt vanskeleg å skilja ut eitt høgdepunkt frå åra på båt, men dykking i Tuamotu-skjergarden i Fransk Polynesia kjem høgt opp på lista over store opplevingar.

– Me elska å dykka i Tuamotu-skjergarden, kor alt var klårt over hundre meter ned. Og nokre hundre meter unna såg me ein aktiv vulkan i utbrot i Vanuatu. Det var veldig spennande, fortel dei.

Eit anna minneverdig augneblikk var å ankra mellom

to fossefall under knallraude klipper i Kimberley-regionen i Australia.

– Å klatra ein kilometer opp til himmelen på Skåla ved Loen var ei fantastisk oppleving, held dei fram.

Turen held fram

Så langt har ikkje Jennifer og James nokon spesifikke planar om å bringa «Dirona» tilbake til Seattle.

– Før covid-19 flaug me ofte tilbake for at James skulle jobba, men no er det på vent. Akkurat no har me planar om å bli verande i Europa i minst eit år eller to, fortel dei.

Den lause planen etter det er å returnera til Nord-Amerika via Island og Grønland.